

Retningslinjer for tilskot til taubanedrift, o.a. i 2020, i Surnadal kommune.

Fastsett den 03.0.12020 med visning til §3 i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/ slepebanedrift.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng for å minske behovet for graving i hogstfelt
- Drift med lang driftsveglengde der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje skogsbilveg. (Krav om godkjenning av skogbruksjef)
- Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna. (Krav om godkjenning av skogbrukssjef)

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravedrift ikkje kan gjennomførast.
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- Kommunen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/ slepebanedrifter. (Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
 - Vilkår om forynging ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.
- Tilskot til lang terrengtransport skal bare givast der skogeigar/tømmerkjøpar dokumenterer at det ikkje er lønnsamt med veg. Dette kan dokumenterast med lønnsomhetskalkulator på www.skogsvei.no → Økonomi. Tilskot til lang transport skal ikkje givast der det finns alternative transportruter som inneber kortare kjøring.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-916 skal nyttast.
- Prioriteringsfrist for taubanetilskot er 1. juni. Fortløpande behandling før frist.
- Kommunen løyver, kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer.
- Fylkesmannen føretek utbetaling.
- Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: 200 kr/m³
- Taubanedrift gran: 120 kr/m³, maks 8000 kr/daa.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time.
- Driftsveglengde over 1,3 km: 20 kr/m³, over 2 km: 40 kr/m³.
- Ved treslagskifte, med forhåndsgodkjenning av kommunen: inntil 150 kr/m³ for hogst av lauv, og inntil 100 kr/m³ av furu på høg bonitet (G17 og høyere).

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Det vert ikkje løyvd tilskot til taubanedrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågaste hogstalder
G23	60
G20	65
G17	70
G14	75

Alderskrav kan fråvikast av helsemessige eller andre årsakar, ved vurdering og godkjenning frå skogbrukssjef.